



Stipendiat ved bioCEED, Senter for framifrå utdanning i biologi

Ved Institutt for biovitenskap (BIO) (<http://www.uib.no/bio>) er det ledig ei stilling som stipendiat for å studere effektar av ulike endringar og kvalitetsfremjande tiltak i høgare utdanning. Stillinga er for ein åremålsperiode på 4 år, knytt til Senter for framifrå biologiutdanning (bioCEED) (<https://bioceed.w.uib.no/>).

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

bioCEED utviklar, testar, og tar i bruk nye studentaktive læringsformer i biologi. Senteret utvikler studentaktive felt- og laboratorieundervisning, og samarbeid mellom forskning, næringsliv, forvaltning og utdanningssektoren om å få meir praksis inn i utdanningane. bioCEED har som mål at studentane gjennom biologiutdanninga skal utvikle grunnleggjande vitenskapleg dugleik og haldningar, samtidig som dei vert budd på å løyse viktige problem i vitenskap, industri, næring og samfunn. Eit viktig satsingsfelt for bioCEED er å utvikle ein god kollegial lærarkultur med felles ansvar og stimulering av godt arbeid for studieprogram og undervisningskvalitet.

Stipendiaten vil studere

- effektar av ulike lokale og nasjonale tiltak for pedagogisk utvikling og studiekvalitet på individ-, institutt-, institusjon-, og sektornivå, samt effektar på organisasjonskultur, og i samfunnet meir generelt.
- samle ulike typar data på undervisarane og studentanes haldningar, motivasjon, praksisar, og læringsutbytte, i samarbeid med andre samarbeidspartnarar i prosjektet
- teste effektar av ulike tiltak og politiske signal på undervisaranes motivasjon og praksis, på undervisningskvaliteten, og på studentanes motivasjon og læringsutbytte.
- utvikle og teste sine egne problemstillingar og hypotesar knytt til desse tema
- analysere data og skrive og publisere vitenskaplege artiklar

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- søkjarar må ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande i pedagogikk, psykologi, samfunnsvitenskap, filosofi eller anna relevant fagfelt, eller ha levert masteroppgåva til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at mastergraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- erfaring frå utvikling og analyse av høgare utdanning, undervisning, kvantitativ og/eller kvalitative analysar, spørjeundersøkingar, meta-analysar, tekstanalyse, og/eller vurdering av læring og læringsutbytte er ein føremon.
- du må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner
- nytte engelsk skriftleg og munnleg
- gode norskkunnskapar

Om stipendiatstillinga

Samla stipendperiode er 4 år, der 25 % av tida er pliktarbeid, knytt til forskning, undervisning og formidling.

Om du tidlegare har vore tilsett i rekrutteringsstilling, kan det bli gjort frådrag i tilsetjingsperioden.

Om forskarutdanninga

Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.- grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Endeleg plan for gjennomføringa av forskarutdanninga skal vere godkjent av fakultetet innan tre månader etter at du har teke til i stillinga. Det er ein føresetnad at du fyller krava for opptak til ph.d.- studiet ved Universitetet i Bergen.

Vi kan tilby

- eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter lønnssteg 50 (kode 1017 /LR20, alternativ 8) i det statlege lønnsregulativet. Dette utgjør ei årsløn på kr 436 900 brutto.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Søknaden skal innehalde

- søknadsbrev med ei kort utgreiing om søkjaren sin motivasjonen for å søkje stillinga
- eit perspektivdokument (maksimalt 2 sider) der du gjer greie for dine forskningsinteresser inn mot prosjektet.
- samn og kontaktopplysningar til to referansepersonar, ein av desse bør vere hovudretteleiar frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve.
- CV
- karakterutskriftar og vitnemål for bachelor- og mastergrad, alternativt ei stadfesting av at mastergradsoppgåva er levert
- relevante attestar
- eventuell liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste)
- eventuelle publikasjonar, inkludert masteroppgåve og innsendte manuskript

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i JobbNorge.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til senterleiar professor Vigdis Vandvik, Institutt for biovitenskap, Universitetet i Bergen (vigdis.vandvik@uib.no, telefon +4747301794).

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Jobbnorge-ID: 152187, Søknadsfrist: Avsluttet